



Møre og Romsdal fylke



AREAL- OG
MILJØVERNADDELINGA



Artsrik skog på nordsida av Åbakkfjellet

Foto: FORAN Sverige AB 2005

VETAFJELLET OG ÅBAKKFJELLET NATURRESERVAT - VERNEFRAMLEGG

Møre og Romsdal fylke
Areal- og miljøvernnavdelinga
Fylkeshuset
6404 Molde
www.mrfylke.no

Rapport nr.:
2007:03

Tilgjenge
Open

<p>Tittel: VETAFJELLET OG ÅBAKKFJELLET NATURRESERVAT - VERNEFRAMLEGG</p>		<p>Dato: 28.08.2007</p>
<p>Forfattar: Naturforvaltar Kjell Lyse Møre og Romsdal fylke, areal og miljøvernnavdelinga</p>		<p>Sidetal: 14</p>
<p>Samandrag: Gjennom førehavinga av St.meld. nr. 25 (2002-2003) slutta Stortinget seg til Regjeringa si innstilling om ei kraftig opptrapping av skogvernet i Noreg. Per 2006 var ca 1,4 % av den produktive skogen i Noreg verna og dette er langt mindre enn andre land i Europa. St.meld. nr. 25 trakk opp viktige prinsipp og satsingsområde for ei opptrapping av skogvernet. Mellom anna at eit utvida skogvern skulle følgje dei faglege råda frå ein rapport frå NINA og Skogforsk "Evalueringen av skogvernet i Norge".</p> <p>Formålet med denne verneplanen, som omfattar delar av kommunane Gjemnes og Nesset, er at vern av skogareal eigd av Statskog SF skal bidra til å auke delen med skog verna etter naturvernlova i landet og slik sikre eit representativt utval av dei typiske og sjeldne/trua elementa i norsk skognatur for ettertida.</p> <p>På oppdrag frå Direktoratet for naturforvaltning (DN), registrerte FORAN Sverige AB 22 skogsområde i 2005 på statleg grunn i Sør-Noreg inkludert Vestlandet. Rapporten konkluderte med at dei 2 registrerte områda i Møre og Romsdal har vesentlege verneverdiar på grunn av førekommstar av alm, kystbjørkeskog og andre rike skogstypar med stor botanisk kvalitet, men også gamal furuskog. For begge områda har spesielt den rike lavfloraen fått stor merksemd.</p> <p>Dette utkastet til verneplan vart sendt ut på felles lokal og sentral høyring ved eit brev frå Møre og Romsdal fylke av 13.06.07.</p>		
<p>Emneord: Verneplan for skog Statskog Naturvern</p>		<p>ISBN 978-82-7430-147-4 (word) ISBN 978-82-7430-149-8 (pdf. nettutgåve) ISSN 0801-9363</p>
<p>Fagansvarleg:</p> <hr/> <p>Trond Haukebø (seksjonssjef)</p>		<p>For administrasjonen:</p> <hr/> <p>Per Fredrik Brun (direktør areal- og miljøvernnavdelinga)</p>

Bakgrunn for verneframlegga

Gjennom førehavinga av St.meld. nr. 25 (2002-2003) slutta Stortinget seg til Regjeringa si innstilling om ei kraftig opptrapping av skogvernet i Noreg. Per 2006 var ca 1,4 % av den produktive skogen i Noreg verna og dette er langt mindre enn andre land i Europa. St.meld. nr. 25 trakk opp viktige prinsipp og satsingsområde for ei opptrapping av skogvernet. Mellom anna at eit utvida skogvern skulle følgje dei faglege råda frå ein rapport frå NINA og Skogforsk "Evalueringen av skogvernet i Norge". (2002)

Formålet med denne verneplanen er at vern av skogareal eid av Statskog SF skal bidra til å auke delen med skog verna etter naturvernlova i landet og slik sikre eit representativt utval av dei typiske og sjeldne/trua elementa i norsk skogsatur for ettertida.

Direktoratet for naturforvaltning (DN) og Statskog SF gjekk i 2004 inn i ein samarbeidsavtale om vern av skog. Det går klart fram av avtalen at Statskog SFs rolle i dette arbeidet er grunneigars, og at det er Direktoratet for naturforvaltning som er miljøstyremakt. Statskog SFs deltaking i prosessen må sjåast i lys av dette.

DN har ansvaret for å gjennomføre verneplanen etter dei vedtekne retningslinjer. Møre og Romsdal fylke ved areal- og miljøvernavdelinga har ansvaret for gjennomføringa på fylkesnivå.

Etter informasjon om Statskog SF sin eigedomar i Møre og Romsdal, kom Møre og Romsdal fylke, ut frå lokalkunnskap og tidlegare kjente naturdata, med ei prioritering av statskogsområde som burde undersøkast nærmare. Fylket si prioriteringa kjem fram av eit brev av 08.03.04 til Direktoratet for forvaltning. Dei 2 områda som denne verneplanen omfattar kom høgst på fylket si prioriteringssiste.

På oppdrag frå DN, registrerte FORAN Sverige AB 22 skogsområde i 2005 på statleg grunn i Sør-Noreg inkludert Vestlandet. I 2006 fekk Møre og Romsdal fylke i oppdrag frå DN å sette i gang med eit verneplanarbeid etter naturvernlova for dei 2 områda i Møre og Romsdal som er omtala i rapporten.

Kvar fylke utarbeider ein delplan med framlegg til vern og som vert sendt på lokal og sentral høyring. Dette verneplanframlegget er utarbeida i samarbeid med Statskog sit kontor i Trondheim. Etter høyringa, vil Møre og Romsdal fylke oppsummere og sende si tilråding til DN.

Heimel for vern

Vern av spesielle område eller førekommstar skjer i medhald av "Lov om naturvern" av 19.06.1970. I lova er det gjeve heimel for oppretting av ulike vernekategoriar. Vedtak om oppretting av naturreservat vert fatta av Kongen i statsråd etter § 8 i naturvernlova som lyd slik:

"Område som har urørt, eller tilnærmet urørt natur eller utgjør spesiell naturtype og som har særskilt vitenskapelig eller pedagogisk betydning eller som skiller seg ut ved sin egenart, kan fredes som naturreservat. Et område kan totalfredes eller fredes for bestemte formål som skogreservat, myrreservat, fuglereservat eller liknende."

Vernekategorien naturreservat vil bli brukt for skogsområde på statsgrunn. Naturreservat er det strengaste vernet etter naturvernlova.

Kva vernet inneber

Ved vern av skog som naturreservat vert det lagt vesentleg vekt på at det er heile økosystemet og dei økologiske prosessane som skal vernast.

Verneformålet i både Vetafjellet og Åbakkfjellet bygger på at det skal skje ei naturleg utvikling dvs. at dei naturlege økologiske prosessane skal kunne finne stad.

Eit vern vil få store konsekvensar for bruken av området. Alle tiltak som kan føre til endringar av naturmiljøet vil vere forbode. Dette fører til at aktivitetar som til dømes skogsdrift og skogskjøtsel og anna vil vere forbode. Nokre tiltak vil vere søknadspliktige. I fellesskap kan ein ofte finne løysningar som gjer at tiltak ikkje kjem i konflikt med verneformålet og dermed kan tillatast. For nokre av dei søknadspliktige tiltaka kan det gis fleirårige løyver. Vanlig ferdsel og jakt, fiske og bærplukking kan skje som før.

Forskrifter og restriksjonsnivå med kommentarar.

På sidene 10-15 er det laga framlegg til ei fredingsforskrift for kvart av områda. Framlegga byggar på ein generell mal frå Direktoratet for naturforvaltning, men det er gjort tilpassingar til kvart av områda. Synspunkt som kjem fram under lokal og sentral høyring kan føre til at det vert gjort tilpassingar i forskriftene. Det er difor viktig at dei som har synspunkt til verneframlegga knytt dei opp til forskriftene. Eventuelle justeringar vil så bli vurdert ut frå føremålet med vernet.

Inngrep

I reservata er det lagt opp til at ulike tiltak som kan endre naturmiljøet er forbodne. Dette gjeld anlegg av ulike slag (midlertidig eller faste) men også andre tiltak.

Eitt unntak i forhold til inngrep er oppsetting av mobile jakttårn. I begge områda kan slike settast opp til midlertidig bruk under storviltjakta. Med midlertidig bruk vert det meint at jakttårnet ikkje kan stå oppe i meir enn ein jaktsesong eventuelt utover jaktsesongen.

Vedlikehald av anlegg som er i bruk på fredningstidspunktet er tillate. Gjennom begge reservata går det straumleidningar og turstiar. Desse er direkte omtala i framlegga til forskrifter og vist på vernekarta.

Plantelivet

Det er lagt opp til ei generell plantelivsfreding, men det er gjort unntak for plukking av bær og matsopp.

Generelt vil det være eit hogstforbod i begge områda, men det er opna for uttak av gran og eventuell platanlønn.

Beiting er tillate, men DN kan av omsyn til fredingsformålet ved forskrift regulere beitetrykket i hele eller deler av området.

Dyrelivet

Det er lagt opp til ei generell fugle- og dyrelivsfreding. Det er likevel opna for jakt etter regelverket i viltlova og fiske etter lov om laks og innlandsfisk m.v.

Ferdsel

Ferdsel til fots og på ski er tillate. Ut frå ein generell vurdering av fara for forstyrring og slitasje på markvegetasjonen, er det i reservat utan vegar til vanleg forbod mot til dømes riding og sykling.

Bruk av eit naturreservat til idrettsarrangement eller andre større arrangement vil være forbudt. Nokre få telt eller ei skuleklasse på dagstur er likevel ikkje vurdert som større arrangement. Det kan likevel søkjast om avgrensa bruk av reservata til større arrangement.

Det kan gis løyve til avgrensa bruk av reservata til undervisning. Døme på brukarar vil vere lag og foreiningar, universitet, skuler eller andre institusjonar.

Dersom det i ettertid viser seg at tillate ferdsel er i strid med verneformålet, er det heimla i naturvernlova at DN av omsyn til verneformålet, ved forskrift kan forby eller regulere ferdsla i heile eller delar av reservata. Utarbeiding og eventuell innføring av ei slik forskrift følgjer reglane i forvaltningslova.

Motorferdsel

I utgangspunktet er all motorisert ferdsel i reservat forbode. I skogområde med lita fare for køyreskadar, er det aktuelt med et generelt unntak for bruk av lett terrenkgøyande beltekjøretøy som ikkje sett varige spor i terrenget for uttransport av felt storvilt. Eit slikt unntak er foreslått i begge reservata, men det må merkast at det nok berre er små delar av reservata der dette, ut frå terrengtilhøva, vil bli aktuelt.

For Vetafjellet er det også eit eige unntak som gjev Forsvaret høve til bruke den merka vintervegen opp til Vetafjellet.

Lov om motorferdsel gjeld i tillegg til ei verneforskrift, men gir ikkje løyver ut over det vernereglene fastsett. Det kan være tilfelle der det også må innhentast løyver etter lov om motorferdsel.

Fredningsforskriftene endrar ikkje ein grunneigar sin rett til å nekte/regulere motorferdsel på eigen grunn.

Skjøtsel og forvaltningsplanar

Fredingsformålet er knytt opp til å frede alt naturleg dyre- og planteliv i områda. Det skal sikres ei «naturleg utvikling» utan inngrep. Skjøtsel vil derfor berre unntaksvis være aktuelt for å oppfylle eit verneformål.

I desse 2 områda er det noko gran som det er ønskeleg å få bort. Framande treslag bør fjernast raskt, da dei kan ha uheldig påverknad på det naturlige plantelivet som ein ønskjer å ta vare på.

Retningslinjene som vert fastlagt i ein forvaltningsplan, må ligge innafor rammene av fredingsforskriftene.

Forvaltning av eit område kan også innebere at det kan leggast til rette for ei kanalisert ferdsel.

Etter et eventuelt vedtak om freding av områda som er foreslått i dette verneplanutkastet, vil områdegrensene bli målt opp og merka i marka med standardiserte grensemerke og skilt. Det kan også bli satt opp informasjonstavler om gjeldande verneforskrifter og kart som viser avgrensinga av områda. Det er ei eiga oppsynsordning for alle verneområda i fylket. I den har Statens naturoppsyn ei sentral rolle.

Generelle unntaksreglar

Unntak for "vitskapelege undersøkingar" er mest aktuelt i samband med forsking. Arbeid av "vesentleg samfunnsmessig verdi" er berre tiltak av nasjonal verdi. Unntaket for "andre særlege tilfelle" er ein sikkerheitsventil for dei tilfelle der det er på tale med små inngrep eller tiltak som er av så stor verdi for søkjaren at dei overskygger dei negative konsekvensane for verneformålet. Inngrepet eller tiltaket må ikkje være i strid med verneformåla.

Forvaltningsstyresmakt

Fylkesmannen har tradisjonelt vært tillagt forvaltningsansvaret for verneområda i Noreg. Direktoratet for naturforvaltning er delegert mynde frå Miljøverndepartementet til å fastsette kven som skal være forvaltningsstyresmakt for område verna etter naturvernloven.

Saksbehandling - generelt

Registreringsfase.

1. DN får innspel frå fylka og andre om skogområde som bør undersøkast.
2. DN engasjerar fagpersonar som gjennomfører kartlegging i de aktuelle områda.
3. Dei registrerte områda blir skildra og verneverdiane vurderte.

Melding om oppstart.

Fylka melder oppstart på dei områda som er aktuelle å vurdere for vern. Rettshavarar og andre blir oppfordra til å gi tilbakemelding om bruksinteresser og annen aktuell informasjon om områda. Føremålet med oppstartmeldinga er å få oversikt over verdiar og interesser i dei aktuelle områda.

Utarbeiding av verneforslag.

Med bakgrunn i dei mottekne tilbakemeldingar etter oppstartmeldinga og dei naturfaglege registreringane, utarbeider fylka eitt verneframlegg for kvart einskild område.

Høyringar.

Fylka sender fredingsframlegga for sitt fylke ut på lokal eventuelt sentral høyring. I denne prosessen er det felles lokal og sentral høyring som skjer samtidig, men med noko lenger frist for sentral høyring slik at sentrale organ kan legge den lokale høyringa til grunn for sine standpunkt.

Tilråding.

I etterkant av den lokale høyringa, vurderer fylka verneframlegga, og som så vert sendt til DN som ei tilråding. DN oppsummerar alle kommentarane frå fylka og andre og gir si tilråding til Miljøverndepartementet (MD).

Vernevedtak.

MD gjennomgår DN si tilråding og legg fram eit endeleg framlegg til verneplan. Vernevedtak vert fatta som kongelig resolusjon i statsråd.

Kunngjøring av verneplanarbeidet for Åbakkfjellet og Vetafjellet

I brev av 07.09.05 frå fylket vart Statskog og kommunane orienterte om at det ville bli sett i gang eit naturfagleg registreringsarbeid. Formell oppstart av verneplanarbeidet vart kunngjort ved eit brev frå Møre og Romsdal fylke av 16.01.2007 til grunneigaren, kommunar og andre. Det vart sett inn ei kunngjering i Driva den 19.01.07 og i Romsdals Budstikke den 20.01.2007.

I ettertid vart det også sendt oppstartsmelding til Statnett, Forsvarsbygg og nokre naboar til Statens skogar sin eigedom ved Åbakkfjellet.

Kunngjøringsbrev, oversiktsskart, faglig grunnlag og anna vart lagt ut på Møre og Romsdal fylke si nettside den 17.01.07. Informasjon om oppstart av skogvern i Osmarka kan hentast under "Areal og miljøvern" frå denne nettadressa: www.mrfylke.

Dette verneframlegget er lagt ut på den same nettsida, og inneholder mellom ei lenke til oppstartsmeldinga .

Følgjande kommentarar/merknader kom inn til oppstartsmeldinga:

- **Statens namnkonsulentar** oppyser i brev av 21.12.06 at dei ikkje har merknader til skrivemåten av reservatnamna.
- **Statens vegvesen** opplyser i brev av 23.01.07 at dei ikkje har interesser i områda.
- **Nesset kommune** rår i brev av 06.02.07 at det vert vurdert å lage ein skjøtselsplan/forvaltningsplan for dei 2 områda samtidig med verneplanprosessen. Kommunen opplyser vidare om at det vert jakta på storvilt i området, og at dette også må kunne helde fram etter eit vernevedtak. Det vert også lagt vekt på informasjonstiltak om verneverdiane.
- I møte 06.02.07 den vedtok **Fylkeslandbruksstyret** at dei ikkje har merknader til at meldte verneplanprosess blir sett i gang, men ber om at det i størst mogleg grad blir teke omsyn til innspel frå kommunane.
- **Gjemnes kommune** informerer i brev av 20.02.07 om at sør for Tomtjønna er det 8 hytter, eit naust og ei høyløe. Transport til hyttene går i hovudsak utanfor det føreslattede verneområdet ved Åbakkfjellet, men det er pårekneleg at det vil kunne skje innafor den føreslattede vernegrensa. Det vert vidare opplyst at det vert drive storviltjakta i begge dei aktuelle verneområda. Området ved Åbakkfjellet/Tomtjønna vert nytta til friluftsliv heile året. Mykje av ferdsla går frå Angviksætra og langs elva gjennom Åbakkfjellet naturreservat.
- I E-post av 08.03 og 12.03.07 frå **Forsvarsbygg**, vert det opplyst at det er tilstrekkeleg at verneforskriftene vert utforma på ein måte som sikrar naudsynt tilgang til drift og vedlikehald av Forsvarets installasjon og tilhøyrande kraftlinje. Kart viser kraftkabel, sti/vinterveg gjennom Vetafjellet naturreservat.

Våre kommentarar:

Etter innspelet frå Gjemnes kommune om transport til hytter sør for Tomtjønna, fekk vi ettersendt eit kart som viser transportrutene. Snøscooterløypa frå Åbakken ligg nær aktuell reservatgrense, men ved først å køyre i retning av Langvatnet og så ta av mot aust, skulle det etter vår vurdering ikkje bli behov for å køyre i reservatet.

Turløypene til både Åbakkfjellet og Vetafjellet er teikna inn på vernekarta. I verneforskriftene gjer vi framlegg om at dei kan vedlikehaldas som før.

På Vetafjellet er ei høgspentlinje teken bort og erstatta med ein jordkabel. Kabelen er gravi ned på ein framifrå skånsam måte for terrenget. Verneforskrifta gir høve til sikring og drift av kabelen. Det er også opna for at Forsvaret kan bruke vintervegen til Vetafjellet som før. Men dersom det skulle vise seg at køyringa ein gong i framtida skulle føre til vegetasjon- eller terrengskadar, kan det bli aktuelt med ei ny vurdering av det generelle unntaket.

VETAFJELLET

KOMMUNE:	Gjemnes og Nesset
FYLKE:	Møre og Romsdal
KARTBLAD M711:	1320 I Tingvoll
UTM-KOORDINATAR:	Sentralpunkt ca. 0442600 x 6966800
VERNEKATEGORI:	*** (nasjonalt verdifullt)
AREAL:	937 da
HØGDE OVER HAVET:	175-550
EIGEDOMAR:	Gnr 12 bnr 2 i Gjemnes kommune og gnr 10 bnr 1 i Nesset kommune
VEGETASJONSSONE:	Sørboreal, mellomboreal

OMRÅDESKILDRING: Lokaliteten ligg sentralt i Møre og Romsdal fylke i grenseområdet mellom Romsdal og Nordmøre. Området er langstrakt og ligg i ei bratt li like under Vetafjellet. Det er rikt på steinblokkar.

SKOGSTRUKTUR/PÅVERKNAD: Skogen kan karakteriserast som ein gammal lågvokset lauvskog. Den har ei bra blanding av bjørk, selje, rogn, alm og osp. Til og med nokre få asketre. Stadvis dominerer bjørka. Trea har ulik alder og skogen har god kontinuitet.

VERNEINTERESSER: Verneinteressene er knytt til lauvskogen. Den korte avstanden frå kysten kombinert med at lia er bratt, vest og nordvendt inneber god tilgang på fukt og vatn i store delar av året. Periodewis godt med varme, spesielt i den vestvendte delen av lia.

FORMÅL: Formålet med naturreservatet er å ta vare på eit tilnærma urørt kystnært naturområde som økosystem med alt naturlig plante- og dyreliv. Det representerer ein oseanisk naturtype i eit nord- og vestvendt skogsområde i den sørboreale og mellomboreale sona. Av spesielle kvalitetar er ein vel utvikla og variert lauvskog med alm samt forskjellige rike skogstypar med ulike treslag. Andre kvalitetar er rasmarkar og steinblokker dekka av mose. Området har god biologisk kontinuitet og saman med regn og fukt vert det gunstige høve for forskjellige lavartar. Dette gir området ei særskilt vitskaplig verdi. Både mose og lav er organismegrupper av vesentleg verdi som indikatorar på miljøendringar i til dømes klima og luft.

ANDRE INTERESSER: Statseigedom som er forvalta av Statens skogar, og som kan ha ei viss skogbruksmessig interesse.

TEKNISKE INNGREP: På toppen av Vetafjellet er det eit forsvarsanlegg og Gjemnes kommune har opplyst at Svorka Aksess har montert ei breibandantenne på toppen på vegne av kommunen. Anlegga ligg utanfor reservatet, men strømtilførselen går i ein jordkabel som går gjennom den sørlege delen av reservatet. Traséen er vist på kartet som følgjer saka. Tidligare gjekk straumen i ein luftleidning litt nord for jordkabelen. Luftleidningen er teken bort, men kraftlinjegata er framleis synleg. Langs jordkabelen har Forsvaret merka opp ein vintervegtrasé med stokkar som er på om lag 3 meters høgde. Her går det også ein sti som fortsett opp til fjelltoppen

PLANSTATUS: Ingen reguleringsplan, men godkjent som landbruks-, natur og friluftsområde i arealdelen til kommunane sin kommuneplan.

SKOGBRUKSOPPLYSNINGAR: Naturskogen i området ligg innanfor ei verneskoggrense vedteken med heimel i § 12 i skogbrukslova. Vi har førebels ikkje motteke skogbruksdata frå Statskog. Det kan hende at det er noko gran i området.

KART OG VERNEFORSKRIFT. Kart i målestokk 1: 5 000 som viser framlegg til vernegrense følgjer som eige vedlegg og framlegg til verneforskrift er på side 10.

ÅBAKKFJELLET

KOMMUNE:	Gjemnes
FYLKE:	Møre og Romsdal
KARTBLAD M711:	1320 I Tingvoll
UTM-KOORDINATAR:	Sentralpunkt ca 04508000 x 6971400
VERNEKATEGORI:	*** (nasjonalt verdifullt)
AREAL:	2307 da
HØGDE OVER HAVET:	200-595
EIGEDOMAR:	Gnr 82 bnr 1 og gnr 83 bnr 9 i Gjemnes kommune
VEGETASJONSSONE:	Sørboreal, mellomboreal

OMRÅDESKILDRING: Området ligg i den søraustre delen av Gjemnes kommune, og omfattar mellom anna dei bratte liene under Åbakkfjellet og Storfjellet. Om lag halvparten av området er furuskog og myr og ein fjerdedel er lauvskog. I sør ligg Tomtjørna som er omgitt av myr. Elles rasmarker og fjell.

SKOGSTRUKTUR/PÅVERKNAD: Skogen er samansett av furu, lauvskog og ein del planta granskog. Størstedel av lauvskogen kan karakteriserast som bjørkeskog med smørtelgutforming, høgstaudeutforming og storbregneutforming. Bjørkeskogen har eit stort innslag av rogn og selje. På fleire stadar er det også alm samt litt ask.

Ein del av furuskogen har karakter av å vere påverka av dimensjonshogst. Likevel er det rikeleg med gammal furu, mellom anna på åsane nordvest og nordaust for Tomtjørna og nordvest for Åbakkfjellet. Her har furua ein alder på opp mot 350-400 år.

VERNEINTERESSER: Verneinteressene er knytt til furu- og lauvskogen, storleiken på området samt variasjonen. Den korte avstanden frå kysten kombinert med at liene er bratte samt nord og vestvendte inneber god tilgang på fukt og vatn i store delar av året.

FORMÅL: Formålet med naturreservatet er å ta vare på eit tilnærma urørt kystnært naturområde som økosystem med alt naturleg plante- og dyreliv. Viktige kvalitetar er både storleiken og variasjonen. Området inneheld ein variert furuskog med innslag av både myr, vatn, moserike rasmarker og lauvskog. Det representerer eit nord- og vestvendt skogsområde, opp mot fjellet. Av spesielle kvalitetar er ein velutvikla oseanisk lauvskog med ein variert samansetning av treslag. Både almeskog og kystbjørkeskog, men også parti med høgstaudeskog og andre rike skogstypar med stor botanisk kvalitet. Reservatet har også viktige verdiar på grunn av gamle og grove trær inkludert furugadd og læger. Det har ein særskilt vitskaplig verdi på grunn av ein sers rik lavflora. Både mose og lav er organismegrupper av vesentleg verdi som indikatorar på miljøendringar i til dømes klima og luft.

ANDRE INTERESSER: Statseigedom som er forvalta av Statens skogar, og kan ha ei viss skogbruksmessig interesse.

TEKNISKE INNGREP: Gjennom den austlege delen av reservatet, aust for Tomtjønna går det ei kraftlinje. I dette området er det også ein sti som er merka opp til Åbakkfjellet.

PLANSTATUS: Ingen reguleringsplan, men godkjent som landbruks-, natur og friluftsområde i arealdelen til kommunen sin kommuneplan.

SKOGBRUKSOPPLYSNINGAR: Naturskogen i området ligg innanfor ei verneskoggrense vedteken med heimel i § 12 i skogbrukslova. Vi har førebels ikkje motteke skogbruksdata frå Statskog. Det kan hende at det er noko gran i området.

KART OG VERNEFORSKRIFT: Kart i målestokk 1: 15 000 som viser framlegg til vernegrense følgjer som eige vedlegg. Framlegget til verneforskrift er på side 13.

I den austlege delen av reservatet følgjer vernegrensa eigedomsgrensa over Storfjellet fram til eit knekkpunkt om lag 250 meter sørvest for Tomtjønna.

FORSKRIFT OM VERNEPLAN FOR SKOG. FREDING AV VETAFJELLET NATURRESERVAT I GJEMNES OG NESSET KOMMUNER I MØRE OG ROMSDAL FYLKE

Fastsatt ved kongelig resolusjon avmed hjemmel i lov 19. juni 1970 nr. 63 om naturvern § 8 jf, § 10 og §§ 21, 22 og 23. Fremmet av Miljøverndepartementet.

§ 1 Avgrensing

Naturreservatet berører følgende gnr./bnr. i Gjemnes kommune: 12/2 og følgende gnr./bnr. i Nesset kommune: 10/1.

Naturreservatet dekker et totalareal på ca 937dekar.

Grensene for naturreservatet går fram av vedlagt kart i målestokk 1: 5 000 datert MiljøverndepartementetDe nøyaktige grensene for reservatet skal avmerkes i marka. Knekkpunktene skal koordinatfestes.

Verneforskriften med kart oppbevares i Gjemnes og Nesset kommuner, hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

§ 2 Formål

Formålet med naturreservatet er å bevare et tilnærmet urørt kystnært naturområde som økosystem med alt naturlig plante- og dyreliv. Av spesielle kvaliteter er en vel utviklet og variert lauvskog med alm samt forskjellige rike skogstyper med ulike treslag. Andre kvaliteter er rasmarker og steinblokker dekket av mose. Området har god biologisk kontinuitet og sammen med de fuktige forholdene skapes gunstige betingelser for forskjellige lavarter. Dette gir området en særskilt vitenskaplig betydning.

§ 3 Vernebestemmelser

For naturreservatet gjelder følgende bestemmelser:

1. Vegetasjon, herunder døde busker og trær, er fredet mot skade og ødeleggelse. Det er forbudt å fjerne planter eller plantedeler fra reservatet. Planting eller sång er forbudt.
2. Dyrelivet, herunder reirplasser og hiområder, er fredet mot skade, ødeleggelse og unødvendig forstyrrelse. Utsetting av dyr er forbudt.
3. Det må ikke iverksettes tiltak som kan endre naturmiljøet, som f.eks. oppføring av bygninger, anlegg, gjelder, andre varige eller midlertidige innretninger, parkering av campingvogner, brakker o.l., framføring av luftledninger, jordkabler og kloakkledninger, bygging av veier, drenering og annen form for tørrlegging, uttak, oppfylling og lagring av masse, utføring av kloakk eller andre koncentrerte forurensningstilførsler, henleggelse av avfall, gjødsling, kalking og bruk av kjemiske bekjempingsmidler. Forsøpling er forbudt. Opplistingen er ikke uttømmende.
4. Motorferdsel til lands, herunder start og landing med luftfartøy, er forbudt.
5. Bruk av naturreservatet til teltleirer, idrettsarrangementer eller andre større arrangementer er forbudt.
6. Bruk av sykkel, hest og kjerre og ridning er forbudt.

§ 4 Generelle unntak

Bestemmelsene i § 3 er ikke til hinder for:

1. Gjennomføring av militær operativ virksomhet og tiltak i forbindelse med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings-, og oppsynsvirksomhet, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgaver som er bestemt av forvaltningsmyndigheten. Unntaket gjelder ikke øvingskjøring.

Bestemmelsene i § 3, nr. 1-4, er ikke til hinder for:

2. Uttransport av felt storvilt med lett terregkjørende beltekjøretøy som ikke setter varige spor i terrenget.
3. Forsvaret sin bruk av merket vinterveg til Vetafjellet. Traséen er vist på vernekartet.

Bestemmelsene i § 3, nr. 1-3, er ikke til hinder for:

4. Sanking av bær og matsopp.
5. Jakt og fangst etter viltloven.
6. Oppsetting av midlertidige, mobile jakttårn for storviltjakt.
7. Beiting.
8. Bålbrenning med tørrkvist eller medbrakt ved i samsvar med gjeldende lovverk.
9. Merking og vedlikehold av den eksisterende stien til Vetafjellet. Stien er vist på vernekartet.
10.
 - a. Drift og vedlikehold av eksisterende energi- og kraftanlegg. Bruk av motorisert transport krever særskilt tillatelse, jf. § 5 nr. 2.
 - b. Nødvendig istandsetting ved akutt utfall. Ved bruk av motorisert transport skal det i etterkant sendes melding til forvaltningsmyndigheten.
 - c. Oppgradering/fornyelse av kraftledning for heving av spenningsnivå og økning av linjetverrsnitt når dette ikke forutsetter vesentlige fysiske endringer i forhold til fredningsformålet. Bruk av motorisert transport krever særskilt tillatelse jf. § 5 nr. 2.

§ 5 Spesifiserte dispensasjonsbestemmelser

Forvaltningsmyndigheten kan etter søknad gi dispensasjon til:

1. Avgrenset bruk av reservatet for aktiviteter nevnt i § 3 nr. 5.
2. Nødvendig motorferdsel i forbindelse med
 - a. aktiviteter nevnt i § 4 nr. 10 a og c,
 - b. bruk av motorisert transport i forbindelse med hogst og uttak av gran og platanlønn, jf. § 5 nr. 4.
 - c. § 5 nr. 3.
3. Oppgradering/fornyelse av kraftledning som ikke faller inn under § 4, nr. 10 c.
4. Hogst og uttak av gran og platanlønn.

§ 6 Generelle dispensasjonsbestemmelser

Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra forskriften når formålet med fredningen krever det, samt for vitenskapelige undersøkelser, arbeider av vesentlig samfunnsmessig betydning eller i særlige tilfeller når dette ikke strider mot formålet med fredningen.

§ 7 Skjøtsel/forvaltningsplan

Forvaltningsmyndigheten, eller den forvaltningsmyndigheten bestemmer, kan gjennomføre skjøtselstiltak for å fremme fredningsformålet. Det kan utarbeides forvaltningsplan, som kan inneholde nærmere retningslinjer for gjennomføring av skjøtsel.

§ 8 Forvaltningsmyndighet

Direktoratet for naturforvaltning fastsetter hvem som skal ha forvaltningsmyndighet etter denne forskriften.

§ 9 Ikrafttredelse

Denne forskriften trer i kraft straks.

FORSKRIFT OM VERNEPLAN FOR SKOG. FREDING AV ÅBAKKFJELLET NATURRESERVAT I GJEMNES KOMMUNE I MØRE OG ROMSDAL FYLKE

Fastsatt ved kongelig resolusjon avmed hjemmel i lov 19. juni 1970 nr. 63 om naturvern § 8 jf, § 10 og §§ 21, 22 og 23. Fremmet av Miljøverndepartementet.

§ 1 Avgrensing

Naturreservatet berører følgende gnr./bnr. i Gjemnes kommune: 82/1 og 83/9.

Naturreservatet dekker et totalareal på ca 2307 dekar.

Grensene for naturreservatet går fram av vedlagt kart i målestokk 1: 15 000 datert MiljøverndepartementetDe nøyaktige grensene for reservatet skal avmerkes i marka. Knekkpunktene skal koordinatfestes.

Verneforskriften med kart oppbevares i Gjemnes kommune, hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

§ 2 Formål

Formålet med naturreservatet er å bevare et tilnærmet urørt kystnært naturområde som økosystem med alt naturlig plante- og dyreliv. Av spesielle kvaliteter er en velutviklet oseanisk lauvskog med en variert sammensetning av treslag. Både almeskog og kystbjørkeskog, men også partier med høgstaudeskog og andre rike skogstyper med stor botanisk kvalitet. Reservatet har også viktige verdier på grunn av gamle og grove trær inkludert furugadd og læger. Det har en særskilt vitenskaplig betydning på grunn av en meget rik lavflora.

§ 3 Vernebestemmelser

For naturreservatet gjelder følgende bestemmelser:

1. Vegetasjon, herunder døde busker og trær, er fredet mot skade og ødeleggelse. Det er forbudt å fjerne planter eller plantedeler fra reservatet. Planting eller sång er forbudt.
2. Dyrelivet, herunder reirplasser og hiområder, er fredet mot skade, ødeleggelse og unødvendig forstyrrelse. Utsetting av dyr er forbudt.
3. Det må ikke iverksettes tiltak som kan endre naturmiljøet, som f.eks. oppføring av bygninger, anlegg, gjerder, andre varige eller midlertidige innretninger, parkering av campingvogner, brakker o.l., framføring av luftledninger, jordkabler og kloakkledninger, bygging av veier, drenering og annen form for tørrlegging, uttak, oppfylling og lagring av masse, utføring av kloakk eller andre konsentrerte forurensningstilførsler, henleggelse av avfall, gjødsling, kalkning og bruk av kjemiske bekjempingsmidler. Forsøpling er forbudt. Opplisten er ikke uttømmende.
4. Motorferdsel til lands og til vanns, herunder start og landing med luftfartøy, er forbudt.
5. Bruk av naturreservatet til teltleirer, idrettsarrangementer eller andre større arrangementer er forbudt.
6. Bruk av sykkel, hest og kjerre og ridning er forbudt.

§ 4 Generelle unntak

Bestemmelsene i § 3 er ikke til hinder for:

1. Gjennomføring av militær operativ virksomhet og tiltak i forbindelse med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings-, og oppsynsvirksomhet, samt gjennomføring av skjøtsels- og

forvaltningsoppgaver som er bestemt av forvaltningsmyndigheten. Unntaket gjelder ikke øvingskjøring.

Bestemmelsene i § 3, nr. 1-4, er ikke til hinder for:

2. Uttransport av felt storvilt med lett terregnkjørende beltekjøretøy som ikke setter varige spor i terrenget.

Bestemmelsene i § 3, nr. 1-3, er ikke til hinder for:

3. Sanking av bær og matsopp.
4. Jakt og fangst etter viltloven.
5. Fiske og fangst etter laks- og innlandsfiskeloven.
6. Oppsetting av midlertidige, mobile jakttårn for storviltjakt.
7. Beiting.
8. Bålbrenning med tørrkvist eller medbrakt ved i samsvar med gjeldende lovverk.
9. Merking og vedlikehold av den eksisterende stien til Åbakkfjellet. Stien er vist på vernekartet.
10.
 - a. Drift og vedlikehold av eksisterende energi- og kraftanlegg. Bruk av motorisert transport krever særskilt tillatelse, jf. § 5 nr. 2.
 - b. Nødvendig istandsetting ved akutt utfall. Ved bruk av motorisert transport skal det i etterkant sendes melding til forvaltningsmyndigheten.
 - c. Oppgradering/fornyelse av kraftledning for heving av spenningsnivå og økning av linjetversnitt når dette ikke forutsetter vesentlige fysiske endringer i forhold til fredningsformålet. Bruk av motorisert transport krever særskilt tillatelse jf. § 5 nr. 2.

§ 5 Spesifiserte dispensasjonsbestemmelser

Forvaltningsmyndigheten kan etter søknad gi dispensasjon til:

1. Avgrenset bruk av reservatet for aktiviteter nevnt i § 3 nr. 5.
2. Nødvendig motorferdsel i forbindelse med
 - a. aktiviteter nevnt i § 4 nr. 10 a og c,
 - b. bruk av motorisert transport i forbindelse med hogst og uttak av gran og platanlønn, jf. § 5 nr. 4.
 - c. § 5 nr 3.
3. Oppgradering/fornyelse av kraftledning som ikke faller inn under § 4, nr. 10 c.
4. Hogst og uttak av gran og platanlønn.

§ 6 Generelle dispensasjonsbestemmelser

Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra forskriften når formålet med fredningen krever det, samt for vitenskapelige undersøkelser, arbeider av vesentlig samfunnsmessig betydning eller i særlige tilfeller når dette ikke strider mot formålet med fredningen.

§ 7 Skjøtsel/forvaltningsplan

Forvaltningsmyndigheten, eller den forvaltningsmyndigheten bestemmer, kan gjennomføre skjøtselstiltak for å fremme fredningsformålet. Det kan utarbeides forvaltningsplan, som kan inneholde nærmere retningslinjer for gjennomføring av skjøtsel.

§ 8 Forvaltningsmyndighet

Direktoratet for naturforvaltning fastsetter hvem som skal ha forvaltningsmyndighet etter denne forskriften.

§ 9 Ikrafttredelse

Denne forskriften trer i kraft straks.

